

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020

Tilskot integreringsprosjektet Rom for møte 2020

Forslag til vedtak

1. Utval for Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 196 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Askøy folkebibliotek	Språkkafé	40 000
2	Fitjar folkebibliotek	Makerspace Fitjar - vidareføring	25 000
3	Osterøy bibliotek	Reparasjonsverkstad	40 000
4	Stord folkebibliotek	Rom for møte	31 000
5	Ullensvang bibliotek, avd. Kinsarvik	Språkkafé	20 000
6	Øygardsbiblioteka	Vi møtast i Øygarden kommune!	40 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjrarar for grunngjeving av vedtaket.

2. Fylkesdirektør får fullmakt til å nytte attverande midlar, kr 41.450,- til tiltak på tvers av kommunegrensene i Hordaland-området hausten 2020, i tråd med tilsegnet frå Gjensidigestifta og prosjektutlysinga i Rom for møte.

Samandrag

Ordninga har som føremål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar knytt til folkebiblioteka.

Vestland fylkeskommune har totalt 237 500 kr tilgjengeleg for utdeling til kommunar utanom Bergen våren 2020. Dei kan söke om midlar til lokal integreringsaktivitet. Ut frå tilsegnna frå Gjensidigestiftelsen som vart gitt før fylkessamanslåinga, gjeld utlysinga berre for Hordaland-området

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
bibliotekutvikling

Ruth Ørnholts
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Oversyn søknadar Rom for møte 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I arbeidet med å etablere Vestland som ny region, er det lagt opp til at fylkeskommunen skal styrkast med oppgåver og funksjonar på integreringsområdet.

Folkebibliotek har utvikla seg til å bli møteplassar som rommar ulike arrangement og aktivitetar for befolkninga i Bergen og Hordaland. Mange av biblioteka har vore kreative med tanke på utvikling av tenester for den minoritetsspråklege befolkninga. Dette har vore grunnlaget for prosjektet Rom for møter - folkebiblioteka i Bergen og Hordaland som integreringsarena. Det Felles Innvandrarråd i Hordaland i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek og Hordaland fylkeskommune har blitt tildelt midlar frå Gjensidigestiftelsen.

Prosjektet har fått totalt kr 2 420 000 til aktivitet i Bergen og Hordaland frå 2017 til 2020. Hordaland fylkeskommune har løyvd støtte til 29 prosjekt på totalt 601 500 kroner frå 2017 til 2019.

Vestland fylkeskommune har kr 237 500 tilgjengeleg for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2020. Kriteria for utlysing vart handsama i saka *Rom for møte - folkebibliotek som lokal integreringsarena*, vart handsama i Hovudutval for kultur og integrering 21.01.2020(PS 5/2020),

Søknadene var gode og følgjer kriteria i ordninga med både vidareføring av aktivitet og etablering av nye tiltak. Det var færre søknader i 2020 enn tidlegare, det kan m.a. henge saman med at søknadsfristen til ordninga var t.d. samtidig med utbrote av Covid-19.

Fylkesdirektør ønskjer å bruke dei attverande midlane på fellestiltak i biblioteka som er i tråd tilsegnat frå Gjensidigestiftinga og prosjektutlysinga i Rom for møte, t.d. fleirspråkleg formidling som turnar og arrangement i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek. Desse tiltaka vil komme fleire kommunar til gode og kan vere ein måte å hjelpe biblioteka på i ei krevjande tid med aktivitetar tilknytt integrering.

Føremål med ordninga

Prosjektet har som formål å bidra til mangfold og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar i Hordaland, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar. I prosjektet ønsker vi å auka samarbeid med frivillige, lokale organisasjonar og institusjonar for å utvikle tiltak og arrangementet. Prosjektet har fokus på språkforståing og digital kompetanse, som sentrale inngangar til deltaking og inkludering i det norske samfunnet.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Budsjett 2020:	Sum kr 237 500
----------------	----------------

Søknadsfrist 2020:	13.mars
--------------------	---------

Vedtak kriteria:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
------------------	--

21.01.2020 PS 5/2020

Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida
--------------------------------------	-------------------------

Vår 2020

Tal på søknadar:	6
------------------	---

Tal på søknadar som vart tildelt	6
----------------------------------	---

støtte:

Samla søknadssum:	196 537
-------------------	---------

Samla løyving:	196 000
----------------	---------

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Prosjektet synar korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering. Alle søknader er i tråd med utlysinga

Absolute kriteria

Ut frå tilsegsna frå Gjensidigestiftelsen som vart gitt før fylkessamanslåinga, gjeld utlysinga berre for Hordaland-området.

Vurderingskriteria

I vurderinga er det tatt omsyn til om tiltaket er i tråd med føremålet med ordninga, heilskap knytt til aktivitet, samarbeidspartnerar og budsjett.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for inkludering og integrering.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser tilskottsordninga *Rom for møte 2020* som eit viktig bidrag til fylkeskommunen sitt integreringsarbeid. Prosjekta synleggjer kva rolle biblioteka kan spele lokalt innan integrering som eit offentlig innsatsområde. Rom for møte-prosjektet er eit døme på korleis fylkeskommunen kan arbeide regionalt for å koordinere og støtte lokale integreringstiltak.